

Foreldreinfo juni 2022

Avslutningsfest for 10.trinn

Me hadde ei flott feiring av 2006 kullet som gjekk ut av 10.klasse siste skuledagen deira 15.juni. Me takker for åra me har fått låna dei her på skulen, og kjem til å sakne dei alle!

Stemningsrapport frå leirskulen på Skottevig i nydeleg ver:



Både skule og bibliotek oppfordrar dykk til å ha fokus på lesing av skjønnlitterære bøker i ferien. Elevar som går to månader utan å lesa fell oftare bakpå med læringa frå starten av skuleåret. I USA har dei kalla dette «The summer slide». Hugs at elevar syns det er kjekt å lesa i lag og bli lesne for langt opp i alder, for dei eldste er føresette dei beste førebileta for å bli glad i lesing. Dei tilsette på biblioteket hjelper dykk med å finne spanande bøker, og for mange er sommarles motiverande. Ha ein fin lesesommar!



Kva har juni bydd på til elevane våre?

- Leirskule for 7.trinn
- Utdeling av is frå FAU – takk til dei føresette som stilte opp og laga litt kos i midttimen tysdag 7.juni!
- Utdeling av standpunktkarakterar på 9. og 10.trinn
- Førskuledag for 17 nye 1.klassingar til hausten
- Møte mellom 39 nye 8.klassingar der dei blei inndelt i A og B klasse
- Tradisjonell kanonballkamp mellom lærarane og 7.trinn (7.trinn vann..)
- Avslutningsfestar for 7. og 10.trinn som tek nye steg i livet
- Mange kjekke turar med bading/grilling etc. på dei ulike trinna
- Fokus på læring og opplevingar heilt til siste skuledag

Vel møtt igjen den 18.august kl 08.05 – då er det på an igjen! Men fram til då; ha ein flott sommarferie både store og små!

Mvh

Svanhild Gjedrem

Rektor

God Sommer!

